



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 925 066 885
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: ELVANG HOLDING AS
Forretningsadresse: Tyinvegen 4861
2975 VANG I VALDRES

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Jon Teodor Lyster
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.04.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 15.06.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Kostnader			
Lønnskostnad		17 570	
Annen driftskostnad		93 637	
Sum kostnader		111 207	
Driftsresultat		-111 207	
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i datter-/tilknyttet selskap		4 530 000	
Anna renteinntekt		1 289	
Sum finansinntekter		4 531 289	
Netto finans		4 531 289	
Ordinært resultat før skattekostnad		4 420 082	0
Ordinært resultat etter skattekostnad		4 420 082	0
Årsresultat		4 420 082	0
Overføringer og disponeringar			
Ordinært utbytte		8 000 000	
Udekt tap		-3 579 918	
Sum overføringer og disponeringar		4 420 082	



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap		91 381 467	
Investeringer i aksjer og andeler		10 000	
Sum finansielle anleggsmiddel		91 391 467	
Sum anleggsmiddel		91 391 467	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		1 772 347	
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 772 347	
Sum omløpsmiddel		1 772 347	0
SUM EIGEDELAR		93 163 814	0
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (60 100 aksjer à kr 300,00)		18 030 000	
Overkurs		68 831 467	
Sum innskoten eigenkapital		86 861 467	
Opptent eigenkapital			
Udekt tap		3 579 918	
Sum opptent eigenkapital		-3 579 918	
Sum eigenkapital		83 281 549	0



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		51 678	
Skyldige offentlige avgifter		5 700	
Utbytte		8 000 000	
Kortsiktig konserngjeld		1 823 045	
Annen kortsiktig gjeld		1 843	
Sum kortsiktig gjeld		9 882 266	
Sum gjeld		9 882 266	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		93 163 814	0



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2021 332013

Enheten

Organisasjonsnummer: 925 066 885
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: ELVANG HOLDING AS
Forretningsadresse: Tyinvegen 4861
2975 VANG I VALDRES

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Jon Teodor Lyster
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.04.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 16.06.2021



Organisasjonsnr: 925 066 885
ELVANG HOLDING AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK **Note** **2020** **2019**

RESULTATREKNESKAP

Kostnader

Lønnskostnad	17 570	
Annen driftskostnad	93 637	
Sum kostnader	111 207	

Driftsresultat	-111 207	
-----------------------	-----------------	--

Finansinntekter og finanskostnader

Inntekt på investering i datter-/tilknyttet selskap	4 530 000	
Anna renteinntekt	1 289	
Sum finansinntekter	4 531 289	

Netto finans	4 531 289	
---------------------	------------------	--

Ordinært resultat før skattekostnad	4 420 082	0
--	-----------	---

Ordinært resultat etter skattekostnad	4 420 082	0
--	-----------	---

Årsresultat	4 420 082	0
--------------------	------------------	----------

Overføringer og disponeringar

Ordinært utbytte	8 000 000	
Udekt tap	-3 579 918	

Sum overføringer og disponeringar	4 420 082	
--	------------------	--



Organisasjonsnr: 925 066 885
ELVANG HOLDING AS

BALANSE

Beløp i: NOK **Note** **2020** **2019**

BALANSE - EIGEDELAR

Anleggsmiddel

Immaterielle egedelar

Finansielle anleggsmiddel

Investeringar i dotterselskap	91 381 467	
Investeringer i aksjer og andeler	10 000	
Sum finansielle anleggsmiddel	91 391 467	

Sum anleggsmiddel	91 391 467	0
--------------------------	-------------------	----------

Omløpsmiddel

Varer

Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskudd, kontanter og lignende	1 772 347	
Sum bankinnskott, kontantar og liknande	1 772 347	

Sum omløpsmiddel	1 772 347	0
-------------------------	------------------	----------

SUM EIGEDELAR	93 163 814	0
----------------------	-------------------	----------

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (60 100 aksjer à kr 300,00)	18 030 000	
Overkurs	68 831 467	
Sum innskoten eigenkapital	86 861 467	

Opptent eigenkapital

Udekt tap	3 579 918	
Sum opptent eigenkapital	-3 579 918	

Sum eigenkapital	83 281 549	0
-------------------------	-------------------	----------

Sum langsiktig gjeld	0	0
-----------------------------	----------	----------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	51 678	
-----------------	--------	--



Skyldige offentlige avgifter	5 700	
Utbytte	8 000 000	
Kortsiktig konserngjeld	1 823 045	
Annen kortsiktig gjeld	1 843	
Sum kortsiktig gjeld	9 882 266	
Sum gjeld	9 882 266	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	93 163 814	0



Organisasjonsnr: 925 066 885
ELVANG HOLDING AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp
Se filvedlegg.

Note
Er det usikkerheit om vidare drift?: Nei

Note

Tal på aksjar og aksjeeigarar

<u>Aksjeklasse</u>	<u>Ant. aksjar</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Bokført verdi</u>
Ordinære aksjer	60100.00	300.00	18030000.00

<u>Aksjeeigare - fritekst</u>	<u>Antall</u>	<u>Eigarpart</u>	<u>Aksjeklasse</u>
Vang kommune	60100.00	100.00%	Ordinære aksjer

<u>Sum</u>	<u>Sum antall</u>	<u>Sum eigarpart</u>	
	60100.00	100.00%	

Note

Lønn og ytingar

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	16513.00	

<u>Arbeidsgivaravgift</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	1057.00	

<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	17570.00	

Note

Ytingar til leiande personer
Er det gitt ytingar til leiande person: Nei

Ytingar til dagleg leiar

<u>Ytingar</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.plikt</u>	<u>Andre godtgj.</u>
----------------	-------------	--------------------	----------------------



Note

Ytingar til revisjon

<u>Andre tenester</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	13200.00	
<u>Sum godtgjersle til revisor</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	13200.00	

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:
0.00

Note

Obligatorisk tenestepensjon

Er verksemda pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov: Nei

Oppfyller pensjonsordninga krava etter lov: Nei

Note

Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar

Er det gitt lån eller sikkerheitsstilling til leiande personar: Nei

Note

Konsern, tilknytt selskap og dotterselskap

Tilknytt selskap/dotterselskap

<u>Namn og adresse</u>	<u>Eigarpart</u>	<u>Stemme part</u>	<u>Eigenkapital</u>	<u>Resultat</u>
Vang Energiverk AS	100.00%	100.00%	54991916.00	-122968.00
Elvang	100.00%	100.00%	13285013.00	1849747.00
Kraftproduksjon AS				
Elvang Fiberinvest AS	100.00%	100.00%	16018835.00	570601.00
JotunKraft AS	100.00%	100.00%	13977397.00	1723925.00

Konsernregnskapen er med i konsolideringa til morselskap: Nei


Dotterselskap er ikkje tatt med i konsolideringa: Nei



Elvang Holding AS

Org.nr: 925 066 885


Årsrapport
2020



Innleiing og samandrag

Vang Energiverk KF gjennomførte prosessen med selskapsmessig skilje i 2020. I den samanheng vart det danna eit konsern med eit morselskap, Elvang Holding AS, eigd av Vang Kommune med fire dotterselskap. Alle selskap i konsernet er danna som aksjeselskap. Alle tilsette vart flytta frå Vang Energiverk KF til Vang Energiverk AS og Elvang Holding AS ved verksemdsoverdragelsen i 2020. Konsernet faller inn under grensene for små føretak og det utarbeidast ikkje konsernregnskap. Vang Energiverk AS tok over nettverksemda. Vang Energiverk AS vart stifta 11. desember 2019. Verksemdsoverdragelsen vart gjennomført med skatte- og rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2020. 2019-tall før selskapsmessigs skilje vert vist i note.

Konsernstruktur etter gjennomført omdanning



Eidsfoss kraftstasjon har gått utan store feil i 2020. Produksjonen var 16,9 GWh som er omlag 16 % under 10 siste års gjennomsnitt. Det har berre vore gjennomført mindre vedlikehaldsprosjekt i 2020.

Forbruket i Vang sitt nett var noko lågare enn i 2019. Dette skuldast høgare temperaturar og at det ikkje var tunnelboring i 2020. Det har dessverre vore nokre feil i nettet, og saman med dei planlagde utkoplingane har dette ført til at KILE-kostnaden enda på ca TNOK 549. Kile er omlag TNOK 150 lågare enn ti-årssnitt. Årets største investeringar i nettet er oppstart på straumforsyning til Syndin, nye tomter i Ryfoss, nettstasjonsovervåking, Ala kraftverk og tunnel i Kvamskleiva. 21 nye nettkundar er kome til i løpet av året, der dei aller fleste er hyttekundar.

Nettet hadde eit driftsoverskot på kr 327 185. Inntektsramma var i 2020 på kr 17 167 000, ein nedgang frå kr 18 118 000 i 2019. Meirinntektssaldoen gjekk frå kr 1 339 264 til kr 968 104 ved



utgangen av 2020. Driftsresultatet til nettet viser ein nedgang frå 2019. Dette skuldast blant anna nedgang i inntektsramme, kostnadsføring av en del ekstra kostnader som følgje av prosessen med selskapsmessig skilje og innføring av nytt datasystem. Vang Energiverk har retta seg etter nasjonale retningslinjer i samband med Covid-19-situasjonen som oppsto i 2020. Vang Energiverk innførte 30 % rabatt på nettleia for mars, april og mai. Normal drift er lite påverka av covid-19.

Det vart eit unormalt år for produksjon og kraftforvaltning. Kraftmarknaden var prega av ekstremt varmt og vått vær, oljekrise og Coronapandemi. Framtidsprisar falt gjennom nesten heile året. Hydrologisk balanse auka gjennom året. Prisedgangen har stoppa og vi har sett ein auke att i 2021 der vinteren vart tørt og kald. Den sikra prisen frå åra 2017, 2018, og 2019 vart 32,01 EUR. 2020 var eit vått år med låge spotprisar som enda på 10,93 EUR. Den finansielle gevinsten vart 13,289 millionar kroner. Resultatet av porteføljeforvaltninga var kr 11 045 540.

Vi bygde fiber frå Lund til Elvang i 2020. Anbudskonkurransen på dei siste områda utlyst av VNK vart vunne av Telenor. Aktiviteten på fiberutbygging vil difor går ned framover. Driftsoverskotet på fiber vart kr 582 057,-

Styret i 2020

Vang Energiverk KF var leia av eit styre på sju personar. Seks personar var oppnemnd av kommunestyret, og ein var vald som dei tilsette sin representant. Det vart valt nytt styre etter kommunevalet året 2019. I forbindelse med omdanninga i 2020 vart styrestrukturen vidareført, med gjennomgåande styre i alle konsernselskapa. I tillegg var det vurdert som hensiktsmessig at kommunedirektøren i Vang kommune fekk plass i styret.

	Faste medlem	Varamedlemmar
Styreleiar:	Leif Hjalmar Søndrol (AP)	Marta Bjørnøy Lalim (AP)
Nestleiar:	Geir Kongslie (SP)	Anders Hermundstad (SP)
Styremedlem:	Inga Bøe (AP)	Lars-Ådne Schlytter (AP)
	Vidar Eltun, ordfører (AP)	Sander Eltun (AP)
	Torstein Brekke-Dervola (BiV)	Stig Inge Sæternes (BiV)
	Marita Østborg (MDG)	Bjørn Nylander (MDG)
	Erlend Haaverstad	Ole Martin Alfstad
Tilsett rep.:	Per Tore Hermundstad	Bjørn Olav Kjøs

Energiverksjefen fremjar til vanleg innstilling i sakene.

Eigedomar og anlegg

- Administrasjonsbygget Elvang på Synshagen er eigd av Vang Energiverk AS
- Eidsfoss kraftstasjon i Øye er eigd av Elvang Kraftproduksjon AS

Eigartilhøve

Elvang Holding AS er 100 % eigd av Vang kommune. Elvang Holding eig 100% av alle dotterselskapa.

Drift og vedlikehald av distribusjonsnettet er overført til Vang Energiverk AS.



Kraftforvaltning og sluttbrukarsal er vidareført i JotunKraft AS.
Eidsfoss og kraftproduksjon er eigd av Elvang Kraftproduksjon AS.
Eigarskap av fibernettet i Vang kommune er lagt inni Elvang Fiberinvest AS.

Elvang Holding med dotterselskap er medeigar i:

- FBR (Foreningen til Begnavassdragets Regulering)
- Vang Næringsforum AS
- Eidsiva Bredbånd AS
- Nettalliansen AS

Samarbeid og alliansar:

- Vi deltar i eit forpliktande samarbeid med tre andre everk frå Oppland ved innkjøp og drift av målarar
- Vang Energiverk AS meldte seg inn i Nettalliansen i 2015. Tilsetting og avgang av personale.
- Vegard Eltun og Kristian Opdal starta som lærling i Vang Energiverk AS sumaren 2020.
- Ole Høyme Einang mottok fagbrev som energimontør desember 2020.

Utdanning og opplæring

- Driftsingeniør i Vang Energiverk AS, Dag Henning Bakkum, har vore medlem i prøvenemda for utdanning av energimontører, og vart attvald for 4 nye år i 2019.

Likestilling

Kjønner er ikkje ein faktor ved tilsetting og lønnsfastsetting.

Elvang Holding AS med døtre har 0,8 årsverk kvinner og 13 årsverk menn, inkludert 3 lærlinger.

Fråvær og sjukdom

Statistikk for fraværsdager var slik i 2020	
Sum korttidsfravær	
Dager	i %
48	1,38
Sum langtidsfravær	
Dager	i %
346	9,92
Sum kort- og langtidsfravær	
Dager	i %
395	11,30

Arbeidsmiljø

- I 2020 har sjukefråværet vært lågt, men noko høgare enn tidlegare år. Korttidsfravær er under 2 % på linje med tidlegare år. Vi har fokus på sjukefråvær og følgjer dette opp i samarbeid med verneombod og bedriftshelsetenesta.



Kompetanse og oppfølging av HMS

- Det har vore utført vernerundar etter plan utan større avvik

Ulykker, nestenulykker i 2020

- Det har ikkje vore meldt ulykkestilfelle eller nestenulykker i 2020.

Miljø

- Det ytre miljø er ikkje påverka utover det som er vanleg for bransjen.

Organisasjon, Administrasjon og IT

Felles sentralbord med Vang kommune fungerer godt. Det same må ein kunne si om serverløysinga med IKT Valdres på Fagernes. I 2020 har vi flyttet it-systema våre over til felles plattform gjennom Nettalliansen. Gjennom Nettalliansen skal det vera mogeleg å dele på kostanden for IT-system i framtida. Det har gått mykje tid på gjennomføring av selskapsmessig skilje. Elvang Holding AS har retta seg etter nasjonale retningslinjer i samband med Covid-19-situasjonen som oppsto i 2020. Vang Energiverk AS innførte 30 % rabatt på nettleia for mars, april og mai. Normal drift var ikkje påverka av covid-19.

NETTVIRKSOMHET: DRIFT OG INVESTERING

Forbruk i nettet


Forbruket gjekk litt ned frå 42,946 GWh i 2019 til 41,791 GWh i 2020. Dette er litt lågare enn snittet siste 5 år. Det var ikkje tunellboring i 2019 eller 2020. Nettapet er berekna til 6,44 % med tilsvarende var 6,42 % i 2019. Gjennomsnittleg nettap i 2011-2020 er 6,34 % . Det kom 25 nye anlegg i 2020.

Kraftbalanse Vang 2020

År 2020		År 2020	
	MWh		MWh
Vang Energiverk - Nett innmating:		Vang Energiverk - Nett salg:	
Fysisk kraftflyt i eget nett		Fysisk kraftflyt i eget nett	
Produksjon egne anlegg: Eidsfoss:	16 997	Forbruk Elwin	41 791
Netto uttak fra OE:	25 958		
Lærdal E-verk:	-	Sum målt levering alle sluttbrukere eget nett:	41 791
Årdal:	1 343	Tap i eget nett av innmating:	2 897
Synden og Høgsten:	369	Tapsprosent	6,48
Boaånilinja	20	Sum levering egne nett kunder + tap:	44 688
Sum innmating i Nett:	44 688		
Kalvedalen Generator	34		
Ylja Generator	42		
Lever i VEAS sitt nett	1 355	Sum Lever i andres nett	1 478
Nettap VEAS sitt nett	86		
Drift magnetisering Eidsfoss	-40		
Sum Lever i andres nett	1 478		
Sum Alm forsyning Vang Kommune	46 165	Grunnlag konsesjonskraft 2020	46 165

Utvikling forbruk og produksjon 2011 til 2020

År	2 011	2 012	2 013	2 014	2 015	2 016	2 017	2 018	2 019	2 020
Sum Innmatning	38 271	40 505	41 581	40 854	45 869	45 919	47 825	47 548	45 891	44 667
Forbruk i nettet	37 058	37 420	38 792	38 120	43 311	42 257	44 578	44 681	42 946	41 791
Egenproduksjon	14 369	18 220	22 282	20 797	23 656	24 418	21 454	21 631	17 793	16 997
Innmatning fra andre	23 902	22 285	19 299	20 057	22 213	22 101	26 371	25 917	28 098	27 670


Det lokale ertilsyn (DLE)

- Rapportering av kontrollerte anlegg blir utført til Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB).
- Kontrollverksemda vert kjøpt av BKK Nett AS – Elsikkerhet. Tilsynet er gjennomført etter godkjent plan av DSB.
- Årets kontroll er godkjent av DSB.
- Kontrollansvaret ligg under sakkyndig driftsleiar.
- Det vart utført 143 tilsyn i 2020. Dette er noko mindre enn normalt då det vart omprioritert mykje ressursar frå normalt tilsyn til kontrollar og oppfølging av installasjonar i tunellen i Øye.

Aktiviteten i distribusjonsnett for 2020

Anleggstype	Anleggsdel	Endring		
		Meter 2019	Meter 2020	Meter 2020
Høgspenningsnett	Line	108 000	2 000	110 000
Høgspenningsnett	Jordkabel	77 000	5 000	82 000
Høgspenningsnett	Sjøkabel	3 912	0	3 912
Lågspenningsnett	Line	94 000	-3 000	91 000
Lågspenningsnett	Jordkabel	176 000	13 000	189 000
Nettstasjonar	1000/400/230	227	3	230

Aktiviteten i nettet har i 2020 vore prega av mykje reinvestering og utbygging av straum til Ala kraftverk, Syndin og forberedelser til tunnel i Kvamskleiva. Det er lagt 5,0 km høgspenning kabel og 13,0 km lågspenning kabel. Mykje av dette er erstatning for luftlinjer. Det er bygd 2 km høgspenning luftlinje frå Hugali til Rognstølen i samband med utbygginga til Syndin. Ved arbeid i nettet er det nytta midlertidige forsyningar og dieselaggregat i dei tilfelle dette har vore tenleg. Alle utdømde lågspenning stolpar er no skifta. Det er skifta ut nettstasjonar på Garstad, Huset, Kvåle og Elvang. Det er bygd nye nettstasjonar på Ryfoss Bustadfelt, Hugastølen og Tørpestølen. Alt vedlikehald, reinvestering og investering er utført ved eige mannskap. Skogrydding og stolpekontroll er stort sett utført ved innleige av mannskap. Vi fortsette skogrydding med geiter i 2020, men i mindre omfang enn i 2019. Det vart nokre naboklagar i 2019. Vi må sjå på tilveksten i dei beita områda før vi konkluderer.

Effektutvikling og utfordringar rundt dette

Det maksimale effektuttaket var godt under kapasitetsgrensene i 2020. Vi vil ha fokus på dette dei nærmaste åra og syte for at ikkje nettet vert ein hemske for utviklinga i kommunen. Samfunnet vert meir elektrifisert og denne utviklinga ser vi også i Vang, særleg i samband med elbillading og kraftproduksjon med solceller. Ala Kraftverk er under bygging. Vi kjenner også til at det er konsesjonssøkt to andre småkraftverk i Vang Sør som vil ha ein maksimaleffekt utover det nettet i området i dag har plass til. I tillegg kan det bli aktuelt å kople på eit småkraftverk i Vestre Slidre i vårt nett. Det blir vurdert ulike løysingar for tilkopling av desse småkraftverka i samarbeid med Eidsiva Regionalnett. Det er også planar om industriutbygging i Vang Sør i eit omfang som kan føre til behov for forsterkningar av denne delen av distribusjonsnettet. Ved tunellbygging i Kvamskleive vil vi gå gjennom med kabel og kople saman høgspenningnettet mellom Synshagen og Øylo. Dette vil gje oss større mogelegheiter til å kople om nettet både ved feil og effektutfordringar. Det same vil tilførselen til Syndin med tilkopling til Valdres Energi Nett gi, men ikkje i høglast då det er lite tilgjengeleg kapasitet på Valdressida. Vi legg rør ved utbetringa av E-16 heile vegen frå Øylo til Lomen. Dette gjev mogelegheit til å løyse det aller meste av problem i Vang Sør på ein god måte og meir nytte av nytt system for overvaking av nettstasjonar.

Anlegg i konsesjonsområdet

Talet på nettkundar har stege jamt dei siste 10 åra. Det har vore ein markant auke frå 2004. Auken stagnerte i 2011, men har take seg oppatt dei seinare åra med 50 nye anlegg i 2017, 32 nye anlegg i 2018, 35 nye anlegg i 2019 og 21 nye anlegg i 2020. Talet på aktive anlegg var 2 457 den 31. desember 2020, medan tilsvarende tal var 1 616 ved nyttårsaftan 2004.

Feltutbyggingar 2020

Vi har i 2020 starta forsyning av straum til Syndin frå Hugali via Langehage. Det er ikkje kopla på nokon kundar her i 2020. Anlegget vart spenningssatt i løpet av 2021. Nettet er forsterka i samband med utbygging av Ala kraftverk. Vang kommune har lagd nye boligtomtar i Ryfoss, og desse er klare til å få straum. Sal av tomtar startar i 2021.

Reinvestering 2020

Vi har bygd om mykje nett mellom Kvåle og Elvang i samband med fiberutbygginga. På Varden er det og bygd om mykje i samarbeid med Årdalsnett som bygger fiber her. Etter lynnedslag på Slettefjellet vart det skifta ut stolpar og dette vart tatt som reinvestering då linja er frå 1983. Vi fortsett reinvestering på Slettefjellinja dei komande åra.



Feilsituasjonar i nettet 2020

Det har vore ein stor feilsituasjon i nettet i 2020. Ved torevær den 26/6 vart Slettefjellinja ramma. 10 stolpepunkt vart øydelagd og fleire trafoar vart slått ut. Det gjekk over 20 timar før siste kunde fekk at straumen. Vi fekk raskt kopla inn trafokretsane med mykje kundar så kilekostnaden vart ikkje på meir enn 100 000,- kr. Vi har sett fokus på å få ned feiltid og avgrense geografisk omfang av feil ved å sette opp fleire brytarar og vern. Det har vore mange planlagde varsla avbrot ved arbeid i nettet ved fiberarbeid og ombygging av elnettet i samband med dette. KILE-kostnadane er på 550 000 som er under 10 års gjennomsnitt på 700 000 kr.

Økonomi 2020

Rekneskapen er prega av høg aktivitet i alle verksemdar, med noko vedlikehald, bygging av straum til Syndin og mykje fiberutbygging i 2020. Kraftinntektene er lågare enn fjoråret, grunna lågare kraftpris og lite produksjon. Motsett er innkjøpsprisen på kraft gått ned da det ikkje har vore større vedlikehald av kraftverk tilknytta rettighetskraft. Vang Energiverk AS sitt rekneskap for 2020 syner eit underskot etter skatt på kr 122 968,-. Det er rekna renter på lån frå Vang kommune på kr 567 714,-, av dette er kr. 534 800,- renter på ansvarleg lån.

Det er grunnlag for fortsett drift. Den finansielle stillinga for konsernet var ved årsskiftet god. Bankinnskot og kortsiktige fordringar overstig kortsiktig gjeld. Administrasjonen ser på alternative plasseringar av overskotslikviditet.

Disponering av overskot 2020 for Elvang Holding AS:

Overskot i året:	4 420 082
Anna eigaruttak:	8 000 000
Overføring frå eigenkapital:	-3 579 918

Resultat pr. verksemds område:

Forvaltning av kraftrettane til Vang Kommune – JotunKraft AS:

Ein del av verksemda er drift av selskapet JotunKraft AS med eige årsmelding og rekneskap. JotunKraft AS driv med sluttbrukarsal, handel i finansielle kraftkontraktar og er den formelle motpart til Nord Pool ved Vang Kommune og Elvang Kraftproduksjon si sikring av kraftrettar og produksjon. JotunKraft hadde i 2020 eit overskot etter skatt på kr 1 723 925,-.

Resultat av forvaltning av kraftrettane syner ein samla gevinst på kr 11 045 540.

Resultatet for 2020 er fordelt slik:

Resultat frå eigenproduksjon i Eidsfoss	4 841 125 til Elvang Kraftproduksjon AS.
Konsesjonskraftgevinst	5 108 891 til Vang kommune.
Resultat frå OE-Samlekontrakt	1 095 524 til Vang kommune.
Sum resultat av forvaltning av kraftrettar:	11 045 540

Etter tidlegare kraftforvaltningsavtale mellom Jotunkraft AS og Vang Energiverk KF vart det fakturert eit gebyr frå Jotunkraft AS til Vang Energiverk KF for kostnadane Jotunkraft AS har ved å forvalte kraftrettane og produksjonen. Denne avtala er vidareført mot Vang kommune og Elvang Kraftproduksjon AS etter omdanninga som var gjennomført i 2020. Vang kommune har som ei ordning frå 2013 tatt ut kraft til sjølvkost til eigne bygg. Kraftmengda som er nytta er erstatningskraft frå Eidsfoss og Gamle Ylja og har ein sjølvkost på om lag 1,5 øre/kWh pluss avgifter. Mengda er om lag 5 GWh og har ein verdi for Vang Kommune på om lag 1,5 millionar. Uttaket på OE-samlekontrakt var på 36,8 GWh.


Finansiell sikring av kraft

Krafta seld i 2020 vart finansielt sikra i løpet av 2016, 2017, 2018 og 2019. Vi fekk ein pris på den sikra krafta godt over det som vart prisen i spotmarknaden i 2019. Dette førte til ein finansielt gevinst i 2020 på kr TNOK 13 289 medan vi hadde eit finansielt tap i 2019 på TNOK 9 809. Svingingane i finansielt resultat skuldast store svingingar i spotprisen, medan sikringsstrategien bidreg til at sikringsprisen ikkje er utsatt for dei same kortsiktige svingingane. Gjennomsnittsprisen på det fysiske salet var 11,56 øre/kWh, mens årsprisen i NO1 området var på 11,56 øre/kWh.

Første kvartal 2020 var prega av oljeprisfall, stor auke i hydrologisk balanse og Corona. Samla førte dette til låge spotprisar og stor nedgang i finansiell prisar. Vi var nøytrale ved inngangen på året med 107 GWh sikra og sikra lite så sikringsvolumet gjekk ned frå til 85 GWh til den 1/3. Sikringa vart halde om lag på 85 GWh ut september. I siste kvartal auka hydrologisk balanse igjen og vi valde å halde at sikring ut året. Ved utgangen av året hadde vi sikra 68 GWh. Sikringsprisen for 2021 50 000 EUR høgare enn den ein hadde oppnådd ved ein lik sikring kvar dag igjennom året, tilsvarande ein gevinst på om lag 500 000 Kr. Det har og vore stor auke i prisen på sikringa vi heldt att utover i 2021 og gevinsten her er på om lag 6 000 000 kr.

2020 har vore eit år med svært låge spotprisar. Vekeprisen har variert mellom lågast 1,77 øre/kWh i uke 31 til høgast 26,29 øre/kWh i uke 2. Vasskraftprodusentane har ikkje hatt kontroll store delar av året. Fyllingsgraden i vassmagasina var 63 % ved inngangen til året og 76 % ved utgangen av året.

Kraftprisane i den finansielle marknaden i Norden har vore fallande gjennom året. CO₂-prisane starta på 25 EUR, men falt til 15 EUR når Coronaen kom i mars. Etter det steig dei gjennom året til 32 EUR. Kolprisen heldt seg mellom 55 og 65 \$ gjennom året. Oljeprisen falt frå rundt 60 \$ per fat til 35 \$ gjennom Coronaen, men henta seg inn at og endte året rundt 55 \$. Gassprisane fall frå 45 til 35 pence/tonn gjennom Coronaen i Mars, men steig opp att til 45 pence ved utgangen av året. Prisnedgangen på finansielle kraftkontraktar i året kom av kraftig betring av hydrologisk balanse. Ut i tid er prisane fortsatt låge viss vi ser på tyske prisar og marginalprisane på Kol og gass. Vi har holdt at sikring grunna dette og sel minst mogeleg, innanfor grensene i risikodokumentet, meir en tre kvartal fram i tid. Styrkinga av norske kroner medfører at prisane målt i NOK ikkje har fulgt prisauken i Euro. Skulle vi sikra all kraft for dei næraste ti åra no ville konsesjonskraftgevinsten blitt 8,0 millionar i 2022 og auka 10,0 millionar i 2030. For produksjon og OE-kraft samla ville gevinsten blitt 8,0 millionar i 2022 og gått opp til 9,0 millionar i 2030. Gevinstberekningane er gjort med ein Eurokurs på 10,0. Dei fundamentale analysane seier at terminprisane er frå 8 til 10 Euro for låge til 2030.



Terminals av Valuta

Alt sal av kraft i engrosmarknaden skjer i Euro for 2020. Dette gjør at vi blir eksponert mot kursutviklinga i valutaparet EUR/NOK. For å oppnå jamne og kjente inntekter og for å få ned risikoen sel vi derfor Euro fram tid på same viset som med krafta. Eurosalet er regulert i felles risikodokument for kraft og valutaforvaltning.

